



Villanger & Sønner AS
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7775 - 17/9950

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.03.2017

Endringsløyve for etablering av mur - gbnr 134/449 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 150/17

Tiltakshavar: Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Det er søkt om endring av gitt løyve til oppføring av bustad på gbnr 134/449, jf vedtak datert 10.04.2017, administrativt vedtak saknr 105/15. Endringa gjeld oppføring av støttemur langs eigedomsgrenser mot vest, sør og aust.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.03.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.03.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7, jf SAK 10 7-2, er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hilland Vest bebyggelsesplan felt 7 er definert som byggjeområde for bustadar.

Det er i vedtak datert 10.10.2016, administrativt vedtak saknr 492/16, gitt dispensasjon regulert byggjegrænse for omsøkt mur.

Det er i vedtak datert 06.10.2016 gitt dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett.

Nabovarsel

Omsøkt endring er ikkje nabovarsla i denne omgang. Nabovarsling vart gjennomført ved innsending av søknad om endring av tiltak datert 04.11.2015, og som seinare ikkje vart godkjend.



Ansvarleg søker skriv at dei søker om fritak for ny runde med nabovarsling då det ved tidlegare varsling av naboar ikkje var merknader til tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.02.2017.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Omsøkte tiltak medfører inga endring av tilkomst, avkjørsle eller parkering.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden og på dei vilkår som er sett i vedtak om dispensasjon frå regulert byggjegrænse datert 10.10.2016 og vedtak om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett datert 06.10.2016.

Nabovarsel

Kommunen legg ansvarleg søker si utgreiing til grunn og vil ikkje krevja ytterlegare varsling av tiltaket.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.
Det vert vist til gjennomføringsplan datert 08.03.2017.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve til oppføring av støttemur langs grense mot vest, sør og aust på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.02.2017, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3, og på dei vilkår som er sett i vedtak om dispensasjon frå regulert byggjegrænse datert 10.10.2016 og vedtak om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett i vedtak datert 06.10.2016.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/7775

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård Elsåsvegen 30 5912 SEIM

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS Kvassnesvegen 45 5914 ISDALSTØ